



## Statens vegvesen

Vedlagt adresseliste

Behandlende enhet:  
Region vest

Saksbehandler/telefon:  
Geir Strømstad / +4748899798

Vår referanse:  
17/76319-1

Deres referanse:

Vår dato:  
01.06.2017

### E39 Ålgård Hove – Varsel om oppstart av planarbeid for detaljregulering av deponiområder på gnr. 28 Håland ved Figgjo

Staten vegvesen har i samarbeid med Gjesdal kommune og Sandnes kommune utarbeida reguleringsplan (detaljregulering) for ny E39 frå Ålgård (Skurve) i Gjesdal kommune til Hove i Sandnes kommune, ei strekning på 14 km. Den nye vegen vil ha to tunnelar, ein frå Limavatnet til Figgjo/Håland og ein frå Figgjo/Håland til Bråstein.

Det vil verta eit stort masseoverskot i dette vegprosjektet. Noko masse vil bli nytta i veglina, men ein stor del av massane vil bli plassert i deponi, til dels i mellomdels deponi for foredling av stein- og morenemasser og til dels i permant deponi. Alle deponi skal til slutt bli tilrettelagt for fulldyrka mark. Planområdet er vist på vedlagt kart.

Planområdet er i kommuneplan for Sandnes 2015 – 2030 disponert som landbruk, natur og friluftsmål, bandleggingssone for regulering og omsynssoner for landbruk og friluftsliv og dessutan kulturminner.

I Retningslinjene til kommunedelplanen for E39 Ålgård – Hove, står det at *«For overskuddsmasser som må gå til utfylling skal det utarbeides reguleringsplaner og eventuelt konsekvensutredes der det er krav om dette»*. Planen inneheld nye tiltak nemnt i forskrift om konsekvensutgreiing, vedlegg I eller II. Planen skal difor konsekvensutgreias. Grunneigarar som vil bli råka av planen, varslast gjennom eige brev.

Reguleringsplanen har følgjande PlanID: 201713.

Forslag til Planprogram for nemnde detaljreguleringsplan sendast samstundes ut på høyring og til offentlig ettersyn, i samsvar med Plan- og bygningslovens § 12-9.

Denne kunngjeringa frå Statens vegvesen er i samsvar med Plan- og bygningslovens § 12-8.

**Det vil bli arrangert eit ope møte om oppstart av planarbeidet den 20. juni 2017 kl. 18:00 i**

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Tjodolvsgata 23  
4010 STAVANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

**Figgjohallen.**

Har du spørsmål kan du kontakta:

Geir Strømstad i Staten vegvesen, tlf. 48899798, og e-post [geir.stromstad@vegvesen.no](mailto:geir.stromstad@vegvesen.no).

Fleire opplysningar, inkludert eit detaljert kart for planområdet, kan du finna under kunngjeringar [www.sandnes.kommune.no](http://www.sandnes.kommune.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no).

Eventuelle merknader til oppstart av reguleringsplanarbeidet kan sendast innan

**01.august 2017** til:

Staten vegvesen, Askedalen 4, 6863 Leikanger, eller til [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no) , med kopi til:

- Sandnes kommune, plansjefen, postboks 583, 4305 Sandnes eller [postmottak@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak@sandnes.kommune.no)

Prosjektavdelingen E39 Eiganestunnelen og rv. 13 Ryfast  
Med hilsen

Geir Strømstad  
Prosjekteringsleder

Sondre G. Størkersen  
Saksbehandler

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*